



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 13.11.2013
Tid: 15:30 – 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
------	----------	-------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Tore Nesbø	Driftsleiar
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Torgeir Steien	Konst. leiar Plan og Utvikling
Anne Kathe Helle	Møtereferent

Wenche Tislevoll

Wenche Tislevoll
Ordførar

Agnar Aarskog

Harald Rydland

Anne Kathe Helle
Anne Kathe Helle, ref

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 85/13	Godkjenning av protokoll	
PS 86/13	Meldingar	
PS 87/13	Klage på gebyr fra Vest Utvikling	
PS 88/13	Nedbetaling av to lån	
PS 89/13	Budsjett 2014 og LTP 2014 - 2017	
PS 90/13	Ymse	

Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.

PS 85/13 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 30.10.2013

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 86/13 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 87/13 Klage på gebyr fra Vest Utvikling

Framlegg til vedtak:

Formannskapet syner til saksutgreiing. Klage vert ikkje teken til følgje. Vedtak i Utval for plan og miljø står ved lag.

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 88/13 Nedbetaling av to lån

Framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev Rådmannen løyve til å løyse inn lån nr. 7258 og 7867 i KLP Kommunekreditt før neste avdrag, finansiert med:

Kapitalfond	126.000,-
Sentrumsfond	500.000,-
Tilskot FBB	479.000,-
Sal Austevoll kraftlag	100.000,-
Sal 65/70 del 1	50.000,-
Sal Årskog	100.000,-
Sal 65/70	320.000,-
Sum	1.675.000,-

Dersom oppgjer for 65/70 ikkje skulle skje i 2013, skal innløysinga finansiert slik:

Kapitalfond	381.819,-
Sentrumsfond	500.000,-
Tilskot FBB	479.000,-
Sal Austevoll kraftlag	100.000,-
Sal 65/70 del 1	50.000,-
Sal Årskog	100.000,-
Disposisjonsfond	64.181,-
Sum	1.675.000,-

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 89/13 Budsjett 2014 og LTP 2014 - 2017

Framlegg til vedtak:

Formannskapet sender over saka «Budsjett 2014 og LTP 2014-2017» til Utval for oppvekst og omsorg, plan og miljø, eldreråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Utsendt før møte:

Innspel frå stiftinga Håkon den Gode
Innspel frå FAU v/Rimbareid skule
Innspel frå FAU v/Sælevik skule
Innspel frå Solveig og Magnor Tverderøy vedk. SFO Sælevik
Innspel frå foreldrerepresentantar 2. klasse v/Rimbareid skule
Innspel frå Sælevik skule

Representanten Harald Rydland (KrF) stilte spørsmål om sin habilitet i saka som gjeld søknad frå Fitjar Kyrkjelege Fellesråd under budsjetthandsaminga, då han er tilsett som Kyrkjeverje frå nyttår. Representanten fratrådte møte mens Formannskapet diskuterte saka.

Representanten vart samrøystes erklært habil i handsaming av budsjettet, og representanten tiltrådte møtet att.

Representanten Arne Prestbø, på vegne av Høgre og Arbeiderpartiet kom med slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet sender over saka «Budsjett 2014 og LTP 2014-2017» til utval for oppvekst og omsorg, plan og miljø for handsaming, og til eldreråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innan oppvekst finna ei løysing på deling av 3. klasse (skuleåret 2014/15), og MOT på ungdomsskulen med midlar innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innanfor helse og omsorg, finne ei løysing på folkehelsekoordinator i fortsatt 50% og ergoterapeut 50% innanfor prosjektmidlar, event. ny søknad på prosjektmidlar. Samt finne plass til auka reinhold med 50% FBB innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Plan og Miljø om å redusera budsjettet med 0,5 mill. for å finna plass til auke i vedlikeholdsbudsjettet.

Formannskapet skal sjå på ulike effektivitetssparande tiltak for å redusera budsjettet med 0,5 mill. innanfor eige område.

Røysting

Ved røysting fekk framlegget frå representanten Arne Prestbø på vegne av Høgre og Arbeiderpartiet 3 røyster.

Framlegg frå administrasjonen fekk 2 røyster (SP og KRF) og fall.

Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 mot 2 røyster)

Formannskapet sender over saka «Budsjett 2014 og LTP 2014-2017» til utval for oppvekst og omsorg, plan og miljø for handsaming, og til eldreråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innan oppvekst finna ei løysing på deling av 3. klasse (skuleåret 2014/15), og MOT på ungdomsskulen med midlar innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Oppvekst og Omsorg innanfor helse og omsorg, finne ei løysing på folkehelsekoordinator i fortsatt 50% og ergoterapeut 50% innanfor prosjektmidlar, event. ny søknad på prosjektmidlar. Samt finne plass til auka reinhold med 50% FBB innanfor eige budsjett.

Formannskapet ber utval for Plan og Miljø om å redusera budsjettet med 0,5 mill. for å finna plass til auke i vedlikeholdsbudsjettet.

Formannskapet skal sjå på ulike effektivitetssparande tiltak for å redusera budsjettet med 0,5 mill. innanfor eige område.

PS 90/13 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 13.11.2013:

Rådmann Atle Tornes orienterte om utfordringane rundt Rusomsorga.

Han kom med eit alternativ om å nytta seg av brakker/modular i hagen i Fitjarsjøen 38, alternativt i eit område kommunen eig i Håkonar Næringspark. Der kan ein vonlegvis få til eit alternativ for 2 – 3 brukarar.

Han ynskte innspel frå formannskapet dersom det var andre alternativ.

Formannskapet diskuterte saka. Fitjarsjøen 38 er vedtatt lagt ut for sal og er ikkje noko alternativ. Brakker/modular i Håkonar Næringspark bør sjåast nærare på som ei midlertidig løysing.

Representanten Lars Ove Rimmereid ynskte ei sak om å løyva pengar til stiftinga Håkon den Gode i år.

Ordførar Wenche Tislevoll orienterte om at stiftinga har fått svar på brevet datert 20.08.2013. Dei vart oppmoda om å søkja generelt tilskot til lag og organisasjonsarbeidet, samt kome med spesifisert søknad når spelet er ein realitet med signal om at pengar då vil verta løyvde.

Harald Rydland, som er kommunen sin representant i stiftinga, orienterte om kvifor stiftinga har søkt om midlar no, i startfasen av planlegginga. Stiftinga må vera tidleg ute for å kunne få tak i dei aktørane dei treng for å avvikla spelet, tidspunkt for kor tid spelet kan avviklast er igjen avhenging av kor tid det passer for aktørane.

Formannskapet diskuterte saka, og at dette vil bli handsama vidare som eit innspel til budsjettarbeidet.

Ordførar Wenche Tislevoll orienterte frå møte som ordførarane og rådmenn i Stord og Fitjar hadde med Fylkesordførar og fylke sin samferdselesjef. Kommunane må søkja om utviding av bompengapakken i 2 år til. Denne saka må opp i neste møte i formannskapet.

Ordføraren orienterte og om at arbeidet med heving av dokken i Årskog no er ferdig i sjøen, attståande arbeid er knusing og rydding på land.

Representanten Lars Ove Rimmereid stilte spørsmål på vegne av Fitjar kyrkjelege fellesråd om ikkje søknad om investeringsmidlar til nytt orgel i Fitjar kyrkje skal handsamast som eiga sak.

Rådmann Atle Tornes orienterte om saksgangen, saka vil verta handsama som investering i budsjetthandsaminga.